



16.09.2019

Landbruksdirektoratet  
Postboks 8140 Dep.  
0033 OSLO

Arkivsak: 19/2096  
Løpenr.: 19/16633  
Sakshandsamar:  
Magnus Snøtun

**Høyringfråsegn - Forslag til ny forskrift om tilskot til tiltak i Utvalte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområda Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap**

Dykkar ref: 19/27640

I 2017 kom Ormelid i Luster med i Utvalde kulturlandskap i jordbruket. Ordninga har vore svært viktig for at eigaren kan ivareta dei store kulturlandskapsverdiane i dette gardsområdet.

For Luster kommune og dei som bur på Ornes der verdsarvminnet Urnes stavkyrkje ligg, har det stor verdi at dette området også vert innlemma i forskrifta. Dette for at dei store kulturlandskapsverdiane i området kan ivaretakast i framtida.

**Verdsarvområdet Urnes stavkyrkje**

Forskrifta gjeld også verdsarvområda Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap. I 1979 vart Urnes stavkyrkje i Luster og Bryggen i Bergen dei to første norske områda som kom med på UNESCO si verdsarvliste.

Sjølve verdsarven på Ornes omfattar berre kyrkja og gravplassen. Seinare fylgte Luster kommune opp med reguleringsplan der det meste av Ornes vart regulert til spesialområde kulturlandskap. Planen som vart vedteken av Luster kommune i 1995, har vore viktig for ivaretaking av det omkringliggjande landskapet på Ornes. Bakgrunnen for reguleringsplanen var kyrkja sin UNESCO-status.

Det storslattede fjordlandskapet som kyrkja er ein del av er svært viktig for både forståinga av kyrkja sin kontekst og for opplevinga av kyrkja i landskapet. Jordbrukslandskapet kring Urnes stavkyrkje er her vesentleg og det er svært viktig at området også i framtida framstår som eit ope jordbrukslandskap med dei historiske strukturane som pregar landskapet. I tillegg til verdsarvverdiane i kyrkja vurderer Luster kommune området til å ha betydelege verdiar knytta til jordbruket sitt kulturlandskap. Dersom det aktive jordbruket vert redusert eller ophøyer vil desse verdiane bli svekka.

Luster kommune oppmodar difor om at eit område på Ornes som samsvarar med avgrensingar til reguleringsplanen og omgjev Urnes stavkyrkje vert inkludert i tilskotsordninga på lik linje med Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap. Dette av di det vil bidra til å oppretthalde eit aktivt landbruk og som er vesentleg for å forstå dei oppsluttande verdiane til verdsarven

Urnes stavkyrkje. Landskapet rundt Urnes stavkyrkje er vesentleg for å ta vare på dei oppsluttande verdiene for verdsarven.

At bønder og grunneigarar på Ornes kan koma med i denne støtteordninga vil vera ein ekstra motivasjon for framtidig drift av gardane i området. Dette gjeld ikkje minst husdyrhaldet og

Det vert i dag arbeidd med å lage ein forvaltningsplan og ein buffersoneplan kring Urnes stavkyrkje. Når arealet for desse planane er fastsett bør tiltak innan for dette arealet omfattast av forskrifta. Me ber difor om at det i § 2 *Virkeområde* vert teke inn at forskrifta også gjeld for tiltak i landbruket rundt Urnes stavkyrkje. Dette området bør i første omgang avgrensast til å gjelde for Ornes slik det er. Når arbeidet med buffersoneplan og ny forvaltningsplan er ferdigstilt bør ein så vurdere å utvide området.

Luster kommune har framlegg om slik tilføyning i §2:

### **§ 2. Virkeområde**

Forskriften gjelder for tiltak innenfor Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap, slik disse områdene er avgrenset i Naturbase, **og verdsarvområdet Urnes stavkyrkje slik avgrensinga i reguleringsplan for Ornes er fastsett.**

### Overføring av oppgåver til kommunane

Luster kommune meiner at før ansvaret for ordninga vert overført kommunen må det det fylgja med økonomiske ressursar til kommunane. Ansvaret for ordninga har sia starten vore lagt til fylkesmennene som etter vårt syn har fylgt opp på ein god måte. Dei har bygd opp kompetanse og har gjort ein svært god jobb. Den knutepunktsfunksjonen fylkesmannen har hatt i arbeidet har vore ein styrke for at ordninga har kunna utvikla seg slik den fungerer i dag. For kommunen vert dette ei ny oppgåve som må prioriterast innafor eksisterande økonomiske rammer. Dei få områda og kommunane dette gjeld på landsbasis tapar på at kompetansen hjå fylkesmannen ikkje vert oppretthalde i same grad.

Med helsing

Magnus Snøtun  
fagleiar landbruk  
tlf.:57 68 55 83

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift*

Vedlegg:

Reguleringsplan Ornes 1997002